

Narkohundar trenar i Valdres

14 fengselshundar er denne veka på treningsleir på Fagernes



Med sjefen: «Indy» rykkjer i tauet til hundeførar Kari Nilsen frå Nittedal og vil leike meir. Frå venstre Svein H. Pettersen (leiar i hundetenesta region aust), regiondirektør Jon Sverre Bråten og (t.h.) hundeførar Geir Vikebø.



På jobb: «Bono» markerer i lufteventilen for hundeførar Erik Humlegård, Brevik, under trening i ei av hyttene på Fagernes camping.

Landets 14 statleg tilsette hundar og deira førarar i Kriminalomsorga er denne veka på si årlege treningsamling – denne gongen i og rundt Fagernes.

HELGE GUDHEIM
helge@avisa-valdres.no

FAGERNES: Ein hund hoppar opp på motoren i ein utrangert bil ved Falck-anlegget på Breiset. Og snuser intenst. Samtidig klatrar andre hundar rundt i fem av hyttene på Fagernes camping. Alle er dei på jakt etter narkotika.

Landets 14 hundar i «Krimi-

nalomrogens hundetjeneste» er nemleg på treningsleir i Valdres. Dei starta sundag, og held det gåande veka ut. Særleg torsdag blir dei godt synlege i Fagernes, då dei skal trene saman med ein niandeklasse frå Nord-Aurdal ungdomsskule ute i gatene og i eit kjøpesenter. Nokre av elevane vil bli utstyrte med små narkotikapakker, som hundane skal finne.

Hjelper fengsla

– Det er rundt 65 fengsel i heile

«Når me er på jobb, er hunden eigentleg berre ute og leiker seg.»

ERIK HUMLEGÅRD, HUNDEFØRAR

landet, som er delt i fem regionar. No var det «Region aust» sin tur til å arrangere den årlege samlinga for narkotikahundane, og den la me til Valdres – fordi det ligg ganske midt i Sør-Norge.

Dette seier leiar for hundetenesta i region aust, Svein H. Pettersen. Han fortel at hundane hjelper fengsla med å finne narkotika inne i anlegga, dei sjekkar ting som blir leverte inn til fengsla og dei søker på ein del av dei som besøkjer dei innsette.

Besøker Slidreøya

Det er 23 fengsel i region aust, og eitt av dei er på Slidreøya. Det er fem narkotikahundar i region aust, og gjennomsnittleg er ein av dei på besøk i Vestre Slidre om lag ein gong i månaden.

– Finn dei mykje narkotika?

– I heile region aust er det rundt 250 beslag pr. år, eller nesten eitt om dagen, fortel Svein Pettersen.

Regiondirektøren kom

Direktør i region aust, Jon Sverre Bråten, kom sundag og måndag til hundesamlinga i Valdres. Han nytta då også høvet til å besøkje Slidreøya måndag ettermiddag. Han er sjef for 1750 tilsette og 1650 innsette i region aust.

– Hundetenesta er sentral når det gjeld vår kontroll i fengsla, seier Bråten. Elles legg han til at det no ikkje er nokon «raude lamper» som blinkar i samband med framtida for fengselet i Vestre Slidre.

– Men det pågår ei utgreiing for heile region aust – om framtidig

organisering i eit langt perspektiv. Han seier at Slidreøya gjev eit veldig spesielt fengselstilbod.

Elles vart det frå alle deltakarane skrytt uhemma av kor godt dei blir tekne imot av det lokale næringslivet for å få til samlinga.

FAKTA

Kriminalomsorgens hundetjeneste

- I dei fem fengselsregionane er det 14 narkotikahundar.
- Denne veka er alle ekvipasjane på treningsleir i Valdres.
- Særleg torsdag vil dei bli synlege i gatebildet på Fagernes.
- Regiondirektør Jon Sverre Bråten var måndag på besøk.
- Det er 65 fengsel i landet.



Til nordisk: Erik Humlegård/Bono og Håkon Ingul/Benny (t.h.) skal til nordisk meisterskap.



Snusar: «Indy» oppi motorrommet på ein bil, saman med hundeførar Kari Nilsen, Nittedal.